
Saksnr: 2021/39347-2
Saksbehandlar: Inge Døskeland

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		08.09.2021

Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling. Val av kriterium for tildeling i runde 2 2021

Forslag til vedtak

- Hovedutval for Næring legg til grunn at dei vedtekne måla i «Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020» og «Handlingsplan for innovasjon og næringsutvikling 2021» er førande for utlysing og administrasjonen si vektning av søknader i sak om tildeling av prosjektmidlar hausten 2021.
- Hovedutval for Næring vidarefører innsatsområda frå søknadsrunde 1 i 2021 knytt til:
 - energi
 - sirkulære forretningsmodellar
 - grøn konkurransekraft
 - verdikjeder knytt til plast og berekraft
- Det vert lyst ut 15 mill. kr med søknadsfrist 15. oktober.

Samandrag

Hovudutval for næring gjorde 05.11.2020 vedtak om at administrasjonen skal legge frem for utvalet kva vurderingar og prinsipp som vert vektta i den administrative prioriteringa i utlysingsprosessar med tildeling over 8 millionar kroner.

Saka gjeld val av innsatsområde som skal leggest til grunn i utlysing, og for vurdering av søknader om støtte, for å realisere innsatsområda i vedtekne planar for innovasjon og næringsutvikling. Dei sentrale er «Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 plandokumenta» og «Handlingsplan for innovasjon og næringsutvikling 2021».

Det er ved saldering av budsjettet for 2021 sett av 29 mill. kr til utlysing i 2021. Midlane er søkbare for prosjektfinansiering og vert lyst ut i to rundar med søknadsfrist 15. april og 15. oktober. I første runde vart det disponert 12 mill. kroner. Rest for utlysing i søknadsrunde to er 15 mill. kr.

Bård Sandal
avdelingsdirektør

Mette Nora Sætre
seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033
- Berekraftig verdiskaping Handlingsplan - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 -2033
- Handlingsplan for innovasjon og næringsutvikling 2021

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune er i 2021 i ein planmessig komplisert situasjon. I juni vart ny «**Regional plan** for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033» og «Berekraftig verdiskaping **Handlingsprogram** for 2021» vedtekne. I tillegg vart «Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2021» vedteken i februar i 2021 samtidig som dei gamle regionale planane «Regional plan for verdiskaping for Sogn og Fjordane» og «Regional næringsplan for Hordaland.» var gjeldande fram til det nye vedtaket i juni 2021. Vi i har dermed fem vedtekne planar innan tema regional utvikling og innovasjon gjeldande i 2021.

Den nye handlingsplanen frå juni 2021 peiker i hovudsak på kva planprosessar fylkeskommunen skal gjennomføre frå 2022, og er soleis i mindre grad eigna som grunnlag for val av konkrete innsatsområde for prioriteringar av prosjektsøknader. Denne saka bygger derfor på Regional plan for innovasjon og næringsutvikling frå juni 2021 og på handlingsplanen vedteken i februar 2021. I tillegg kjem føringar gitt i budsjett knytt til «grøn konkurransekraft» og «plaststrategi» strøket tekst.

Budsjettdekning og tilgjengelege midlar for utlysing haust 2021

Det tilgjengelege beløpet for andre søknadsrunderunde justert for om disponeringar i løpet av året 2021 er 15 441 224 kr. Av praktiske grunnar vert beløpet i utlysinga runda ned til 15 mill. kr. Summen består av midlar frå desse postane;

Tab.1

Finansiering av HNV 2. søknadsrunde	Beløp	Note
Opprinnelig budsjett 2021	-23 590 912	
Finansiering av partnerskapsmidler	577 000	NÆRNA PS 11/2021
Finansiering av partnerskapsmidler	200 000	NÆRNA PS 29/2021
Driftsstøtte, ViteMeir	1 000 000	NÆRNA PS 17/2021
INN overskotsdisp.	-2 077 312	Inntekt fra Innovasjon Norge
Overføring fra andre løyvingnivåer	-1 250 000	Jf. regnskapsprognose Q2, overfører ubrukte lønnsmidler fra Stab, VEB, NLR, Karriere Vestland og GKE*
Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon (240 100)	-3 500 000	
Plast sirkulære verdikjeder (240 300)	-1 000 000	
HNV 1. søknadsrunder (frist 15. april)	12 000 000	NÆRNA PS 48/2021
Planlagte løyvinger med finansiering fra Utv.	2 200 000	Det er avtaler om løyvinger finansiert fra posten Utviklingsmidlar**
Rest HNV 2. søknadsrunde	-15 441 224	

**Regnskapsprognosen viser eit mindreforbruk på ulike poster i rekneskapen, primært som følge av vakansar, langtidssjukemeldingar, koronarestriksjonar og pågåande implementering av karrierevegleiing gjennom introduksjonsprogrammet. Mindreforbruk vert etter planen overført til utviklingsmidlar.*

Tab. 2

Overføring fra andre løyingsnivåer	Beløp	Kontering i Visma
Løyingsnivå 20 Administrasjon av innovasjon og næring	-300 000	Fra 201 000
Løyingsnivå 21 Grøn vekst, klima og energi	-100 000	Fra 240 000
Løyingsnivå 22 Forsking, kompetanse og internasjonalisering	-800 000	Fra 230 210
Løyingsnivå 24 Verdiskaping i byar og regionar	-1 000 000	Fra 210 000
Løyingsnivå 23 Naturressursar, landbruk og reiseliv	950 000	Til 220 000
Løyingsnivå 25 Utviklingsmidlar	-1 250 000	Til 200 100

Tab. 3

Planlagte løyinger med finansiering frå Utvikling	Beløp
CABIS 2021	900 000
Forprosjekt NFR Grøn plattform	600 000
Klyngesøknader	700 000
Total løyingar	2 200 000

Politiske vedtak som ligg til grunn for val av innsatsområde
Den nye regionale planen frå juni, «Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 -2033», har følgande satsingsområde:

- Grøn næringsutvikling
- Innovative og inkluderande samfunn
- Areal til næringsutvikling
- Kompetanseutvikling i arbeidslivet.

Hovudmålet i planen er at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon.

Av desse føringane er det særleg grøn næringsutvikling, eller grøn konkurransekraft, som kan nyttast direkte som innsatsområde for utlysinga. Dei tre andre er i stor grad dekt inn under andre fylkeskommunale satsingar. Prosjekt som har som føremål å utvikle kompetanse knytt til dei fire innsatsområda vil også verte vurdert.

Fylkestinget vedtok i juni nytt handlingsprogram, «Berekraftig verdiskaping Handlingsprogram for 2021». Denne planen peiker i første rekke på kva nye planer som skal lages og kva prosessar som skal gjennomførast i vidare planarbeid. Planen gjer derfor i mindre grad nye politiske føringar som kan nyttast direkte som kriterium eller innsatsområde for denne utlysinga.

«Handlingsplan for innovasjon og næringsutvikling 2021» frå februar 2021 fastslår at «energi» og «sirkulære forretningsmodellar» er prioriterte satsingsområde for budsjettposten som er sett av til søkbare midlar. Desse prioriteringane var vektlagde i utlysinga med søknadsfrist 15. april.

I tillegg til føringar gitt i vedtekne planar for innovasjon og næringsutvikling, legg budsjettet og samfinansieringa av dei utlyste midlane (Tab. 1) føring på innsatsområde og utlysingskriterium.

Det gjeld postane «Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon» som bidrar i utlysinga med 3.5 mill. kr og tema «Sirkulærøkonomi for å skape verdikjeder knytt til resirkulering av plast» øyremerka med 1.0 mill. kr. Desse to tema vert derfor foreslått tatt inn i utlysing og ligg til grunn for prioritering av søknader i tillegg til «sirkulærenergi» og «energi».

Nærare utdjuing av dei fire innsatsområda

Energi

Vestland er Norges største og viktigaste energi-, industri- og eksportfylke. I møte med strammare global, nasjonal og regional klimapolitikk er det behov for å sjå olje, kraft og energi i samanheng. Olje- og gassnæringa med tilhøyrande leverandørindustri må vera budd på brå og varige prisfall, og høgare pris på utslepp. Delar av oljenæringa skal omstillast det neste tiåret og god kraftbalanse og sikker kraftforsyning er eit premiss for vidare verdiskaping i fylket.

Olje- og gassektoren er ein viktig leverandør av teknologiutvikling og bransjen betyr mykje for næringsutviklinga i Vestland, ikkje minst for fornybarsatsinga. Blågrøn vekst i energisektoren er,

parallelt med omstillinga inn mot fornybare energikjelder, avhengig av å byggja vidare på olje- og gassnæringa. Rapportane handlingsplanen byggjer på viser at Noreg står overfor eit betydeleg eksportgap i framtida.

Vestland har god tilgang til rimeleg, fornybar energi, høg kompetanse på elektrifisering og svært gode føresetnader for å vidareutvikle vasskraftsystema og kraftkrevjande industri. Det er også potensiale for utvikling langs kysten, der ein har fleire stader har opparbeidd industriareal knytt til hamner. Eit anna område med industripotensiale er mineralutvinning på havbotnen. Det er viktig å ta vare på kompetansen og teknologien i oljenæringa, slik at vi klarer å bruke den når fornybar og nye næringar skal byggast opp.

Sirkulærøkonomi:

Vestland har ein stor ressursbase for å skalere sirkulære forretningsmodellar (t.d. CO2, varmtvatn og avfall). Sirkulærøkonomi omfattar alle bransjar, men ulike bransjar har ulike problemstillingar. Under er det lista opp prosjekt som kan vera aktuelle, ikkje som direkte bedriftsstøtte, men som samarbeid mellom bransjar eller fleire verksemder.

- Nye forretningsmodellar som sikrar auka levetid og gjenbruk av produkt, komponentar og material.
- Bruk av AI og digitale løysingar for å fremje sirkularitet og full utnytting av ressursar
- Produksjon som fører til mindre avfall, miljøvenleg ressursutnytting og sikrar lengre levetid for råstoff og lettare resirkulering
- Industrielt samarbeid mellom bedrifter der t.d. avfall hos ein produsent blir innsatsfaktor hos ein annan

Plastutfordringa:

Vestland fylkeskommune har vedtatt eigen plaststrategi. Fylkeskommunen skal bidra til utvikling av ny teknologi og fleire arbeidsplassar knytt til rydding av plast (jfr. NOSCA clean oceans klynga sitt arbeid) .I denne utlysinga ynskjer vi å stimulere næringsliv og offentleg sektor til å finne løysningar til plast utfordringa på ein langsiktig og berekraftig måte. Vidare arbeid med utvikling av produsentansvarsordningar og å standardisera typar plast og auka gjenvinningsgraden. Vi ynskjer å støtte opp under og leggje til rette for alternativ for plast og stimulere til innovasjon, forskning og utvikling.

Grøn konkurransekraft:

Grøn næringsutvikling betyr at produksjon og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er berekraftig for miljø og klima, tar omsyn til økologi, og er i tråd med FN sine berekraftsmål. EU sin grønne vekststrategi vil påverke det internasjonale og eksport-retta næringslivet i vårt fylke og gjer det kritisk viktig å vere i tet på grøn konkurransekraft og klimainnovasjon. Fylkeskommunen vil særleg løfta fram fornybar energi, havnæringar, teknologi og industri og sirkulærøkonomi som viktige område i den store omstillinga Vestland står ovanfor.

Generelle administrative føringar for utlysinga

Statsstøtteregelverket

Som følge av Norge sitt medlemskap i EØS, er Norge underlagt det same statsstøtteregelverket som i EU. Utgangspunktet er at statsstøtte, nærmare definert, er forbodet, men det finnes relativt omfattande unntaksregler. All støtte som vert innvilga av Vestland fylkeskommune må vere i tråd med regelverket. Regelverket inneheldt reglar om kva slags aktivitetar som kan støttes, kva type kostnader som kan dekkast heilt eller delvis, og kva som er maksimal støttegrad (støtteintensitet) for dei ulike aktivitetane med vidare.

Konsekvensane av å bryte statsstøtteregelverket er at støtta skal krevjast tilbakebetalt. Dette kan ha alvorlege konsekvensar for det aktuelle føretaket, og det er derfor viktig - i alle saker som vert vedtatt - på at ein skal ha god sikkerheit for at støtta er lovleg.

For å lette arbeidet med vurderingar i forhold til statsstøtteregelverket vert det frå hausen 2021 kravd at søkjarar fyllar ut eit eigenerklæringsskjema som betrer vurderingsgrunnlaget for om prosjektet deira kan ta i mot støtte innanfor gjeldane regelverk. Vidare vil det i utlysinga verte tatt med spesifikk informasjon og atterhald knytt til desse reglane.

Andre administrative føringar

Det vert i utlysinga presisert at ordninga ikkje er retta mot bedriftsstøtte, etablerarstøtte, produktutvikling, økonomisk støtte til enkeltbedrifter eller privatpersonar.

- Drift av næringsverksemd eller organisasjonar
- Kausjon eller anna økonomisk garanti
- Direkte eller indirekte investeringar i eigenkapital i verksemder
- Renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte prosjekt

- Ordninga skal delfinansiere tilretteleggande utviklingsprosjekt.
- Midlane vil normalt ikkje gå til messer, arrangement eller konferansar.

Midlane skal innrettast mot tiltak av tilretteleggjande karakter og samarbeidsprosjekt.

Vedtakskompetanse

Jamfør «Reglement for folkevalde organ og delegering Vestland fylkeskommune» skal hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, med heimel i kommunelova § 5-7., vektlegge arbeidsområde næringsutvikling og grøn konkurransekraft. Utvalet har avgjerdsmynde i tilskotssaker vedkommande regional næringsutvikling.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Tildeling av midlar i tråd med nemnde kriterium er venta å bidra til vekst i regional verdiskaping.

Klima:

Saka vil påverke prioritering av prosjektsøknader, og kan dermed være utslagsgivande for at prosjekt som kan bidra til reduksjon av klimagassutslepp vert prioritert.

Folkehelse:

Ikkje vurdert.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Saka står opp under FN berekraftsmål, både økonomiske og økologiske dimensjonar. Tiltaket er retta mot innovasjon og står derfor opp om visjonen i utviklingsplanen om å vere nyskapande og berekraftig. Tiltaket er med på å setje retning for utviklinga av Vestland og fremjar regional medverknad og samhandling gjennom partnerskap i eksterne utviklingsprosjekt. Tiltaket er forankra i relevante regionale planar og bidreg til å utvikle gode tenester og eit framtidsetta Vestland.

Konklusjon

Hovedutval for Næring vidarefører innsatsområda «energi» og «sirkulære forretningsmodellar» frå utlysing vår 2021. I tillegg vert tema «grøn konkurransekraft» og tema «verdikjeder knytt til plast og bærekraft» eigne innsatsområde.